

NOTAT

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Fonna HF
DATO:	20.10.16
FRÅ:	Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR:	Laila Nemeth
SAKA GJELD:	Status bygg Haugesund 2030
STYRESAK:	059/16
STYREMØTE:	27.10.16

Administrerende direktør si orientering notat 7

16 prosjektgrupper med nærare 200 medarbeidarar, verneombod, tillitsvalde og brukarar har no hatt sitt tredje prosjektgruppemøte. Det er eit stort engasjement med gode innspel og diskusjonar både mellom og på sjølve møta. Dei vegval som blei fatta etter OU prosessen i vår, ligg til grunn for det ein no prosjekterer og programmerar.

Eit av desse vegvala var at prosjektet skulle søke løysingar der ein klarer å huse patologi i byggetrinn 1. Styringsgruppa har gitt si tilslutning til dette. Dette på grunnlag av at Administrerende direktør sommaren 2016 fekk ein rapport frå bedriftshelsetenesta og HMS-eininga om kjemikaliehandtering ved Seksjon for patologi. Rapporten peiker på monalege utfordringar kring dagens lokalar både når det gjelder areal, branntryggleik og ventilasjonsanlegg. Rapporten slår mellom anna fast at ein må auke ventilasjon, kapsle inn maskinar, endre rutinar, bygge om lokala og kjøpe inn utstyr (maskinar).

For å gjere desse tiltaka må eininga byggast om og det må investerast større summar i infrastruktur og utstyr. Administrerende direktør vurderer at dei tiltaka som må gjerast har eit slikt omfang at det vil koste fleire titals millionar kroner og at det i ombyggingsperioden vil vere naudsynt å stenge eininga. Administrerende direktør vil etter at arkitektane har vurdert om det er mogleg å ta med patologi i byggetrinn 1 kome tilbake med informasjon om kva følgjer dette får for andre funksjonar.

Prosjektet har tatt denne utfordringa og ser at ein vil kunne få ei god løysing innanfor same arealramme ved å flytte ut alle kontor og møterom tilhøyrande patologi og lab over til eksisterande 6. etasje. Det planleggjast gangbro mellom 5. etasje nybygg og eksisterande Vestblokk 6. etasje, for å sikre gode forbindelsar. Kontor og møterom kan her flytta inn utan nokre oppussingskostnader.

Det er lagt opp til kostnadsstyrt prosjektering i forprosjektfasen. Det hadde ein god erfaring med frå konseptfasen og det inneber at ein har fleire utsjekkpunkter knytt til prosjektkostnad og økonomisk ramme. Det vil i prosjektet løypande bli utført vurderingar av usikkerheit og kostnad. Dersom ein overstig ramma, vil prosjektet bli teken ned undervegs.

Prosjektet er i rute i høve til tidsskjemaet og men har eit mindreforbruk av timar i høve til det oppsette budsjettet. Det er eit stort og positivt engasjement i organisasjonen knytt til ByggHgsd2020.
